

# Møtedokument til Årsmøte i Lærdal Idrettslag

**Dato: 09.03.21 Stad: Frilund - Ungdomshuset Lærdalsøyri**

**Sak 01/21: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Tilråding til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Sak 02/21: Val av møteleiar**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Sak 03/21: Val av skrivar**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding

**Sak 04/21: Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagd fram utan tilråding.

**Sak 05/21: Årsmeldingar**

Tilråding til vedtak: Årsmøte godkjenner årsmeldingane frå gruppene.

Utgreiing: Årsmeldingane er utarbeida av gruppene og vert lest opp på møtet. Dei er også tilgjengelege på heimesida til laget/gruppene.

- Fotball
- Friidrett
- Turn og barneidrett
- Innebandy
- Skeise
- Ski
- Handbak
- Hovudlaget

**Sak 06/21: Rekneskap 2020**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2020

Utgreiing: Rekneskapsrapport vert lagt fram i møtet.

**Sak 07/21: Melding frå kontrollutvalet**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet godkjenner melding frå kontrollutvalet

Utgreiing: Melding frå kontrollutvalet vert lagt fram i møtet.

**Sak 08/21: Vedtak ny Lov for Lærdal IL**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek framlagd forslag til ny Lov for Lærdal IL

Utgreiing: Norges Idrettsforbund ved idrettsstyret vedtok 23. oktober 2019 ny lovnorm for idrettslaga tilknytt Norges Idrettsforbund. Det føl av § 2 4. ledd siste setning i Lova at «Regelverket til NIF gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i idrettslaget si eiga lov.»

§ 24 1. ledd i Lova seier at «Styret skal oppdatere lova i samsvar med eventuelle endringar i lova/lovnorma til NIF, og gjere endringane kjende for medlemmene i idrettslaget så snart dei er vedtekne av styret.»

Forslaget til ny lov for Lærdal IL er ei oppdatering i samsvar med ny lovnorm. Dette krev etter lova ikkje vedtak på årsmøtet. Styret finn det mest ryddig at lovendringar vert vedteken av årsmøtet. Dette sjølv om framlegget til ny Lov for Lærdal IL formelt sett er ei lovteknisk oppdatering som ikkje krev formelt årsmøtevedtak for å vere gyldig. Styret legg av den grunn den nye Lova for Lærdal IL fram for årsmøtet for vedtak.

**Sak 09/21: Eigendel nøkkelbrikke klubbhuset.**

Tilråding til Vedtak; Årsmøtet vedtek at fornying av nøkkelbrikke vert fakturert ihht kostnad på brikke.

Utgreiing; Tilgangen til klubbhuset vert styrt av nøkkelbrikke / pogg. Desse kostar pr i dag kr 110 i innkjøp. Ein del personar som har tilgang mister nøkkelbrikken og treng ny brikke. Grunna store verdiar i klubbhuset, særlig utstyr som håndbak bord, treningsutstyr og skeise, er det naudsynt med kontroll på kven som har tilgang til huset. Nøkkelbrikkar som kjem på avvege må de-aktiverast, samtidig som det må utstedast ny.

For at dei som har tilgang til klubbhuset skal ta betre vare på nøkkelen vert det føreslege at første brikke vert dekkja av Lærdal IL som i dag, men at fornying av nøkkelbrikke vert fakturert ihht den til ein kvar tid gjeldande kostnad for å kjøpe inn nye brikker.

Det er også føreslege å ta i bruk kode i tillegg til nøkkelbrikkane.

Reint praktisk må kvar og ein melde inn ynske om kode til Ragnar Sanden, som styrer systemet, og så vert kodane iversett frå ein gitt dato. Det er føreslege 1 april, og at mars månad vert nytta til å melde inn koder.

**Sak 10/21: Medlemskontingent**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek å vidareføre medlemskontingent på 150 kr pr medlem.

Utgreiing: Medlemskontingenten i Lærdal Idrettslag vart endra i 2019.

### **Sak 11/21: Fordeling av tilskot mellom gruppene**

Tilråding til vedtak: Fordeling av tilskot vert ikkje endra.

Fordelinga mellom gruppene skal vurderast årlig. Styret skal legge fram nytt forslag til fordeling av tilskota til neste årsmøte

Utgreiing: Økonomien i laget er god. Styret i hovudlaget disponerer 25% av tilskot/felles midlar. Dei resterande midlane vert fordelt etter følgjande fordelingsfaktor;

- Fotball 30%
- Turn og barneidrett 20%
- Skeise 15%
- Handball 0%
- Friidrett 10%
- Ski 10%
- Innebandy 5%
- Handbak 10%
- Symjing, etter avtale

For 2020 vart det ikkje utbetalt tilskot til gruppene. Arbeidsutvalet valde grunna dei særlege omstende kring pandemien, samt manglande oppdaterte medlemsregistre å halde tilbake midlane.

Me ser at likviditeten er bra i dei fleste gruppene. Det er ulik kostnadsprofil for dei ulike gruppene, der nokon dekkar sine faste driftskostnader (straum, forsikringar, husleige, diesel på løypemaskin og is-bil). I prinsippet bør ein vurdere om faste kostnader skal dekkast av hovudlaget, og treningsavgifta og gruppas inntekter elles skal dekke den sportslege aktiviteten. Arbeid kring vurdering av endra fordeling av kostnadar vart ikkje starta i 2020.

Gruppene kan søkje hovudlaget om ekstra midlar om det skulle være naudsynt.

### **Sak 12/21: Budsjet 2021**

Tilråding til vedtak: Budsjet for 2021 vert godkjent og styret får fullmakt til å gjere naudsynte endringar grunna Covid-19 pandemien.

Utgreiing: Budsjettet vert lagt fram i møtet. Usikkerheit grunna Covid-19 pandemien gjer budsjettering krevjande.

### **Sak 13/21: Val av styre i hovudlaget i Lærdal Idrettslag**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag til nytt styre i møtet

Utgreiing: Noverande styret i hovudlaget/arbeidsutvalet;

Leiar Guri Olsen – På val

Nestleiar Trine Grøtnebø – på val  
Kasserar Jarle Offerdal - 2020 / 2022  
Sekretær Hanne Ødegaard – på val  
Styremedlem Eivind Mykelbust Øren - 2020 / 2022  
Styremedlem Sæmund Stokstad – på val  
1.varamedlem Abdirahman Farah Warsame – 2020 / 2022  
2.varamedlem May Britt Solheim - på val

**Sak 14/21: Val av leiar i hovudlaget i Lærdal Idrettslag**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag i møtet

Utgreiing: Noverande leiar; Guri Olsen

**Sak 15/21: Val av nestleiar i hovudlaget i Lærdal Idrettslag**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag i møtet

Utgreiing: Noverande nestleiar; Trine Grøtnebø

**Sak 16/21: Sogn Skeisepark – kunstfrossen skeisebane i Lærdal,**

**godkjenning av prosjektplan og medlemmar i prosjektgruppa til forprosjektet.**

Tilråding til vedtak: Skeisegruppa legg fram Prosjektplan og kandidatar i møtet.

Utgreiing: Skeisegruppa har hatt eige prosjektgruppe som har arbeidd fram ei forstudie. Forstudien syner at Bergo er Lærdal er perfekt for kunstfrossen skeisebane. Staden har ikkje sol, lite regn og den kalde austavinden er gunstig for isen. Prosjektet er eit viktig supplement for utandørs aktivitet for innbyggjarar og besøkande i regionen. Prosjektet er viktig for utvikling av heilårs turistdestinasjon i regionen.

Kunstfrossen skeisebane i Lærdal er eit av 5 prioriterte anlegg hjå Norges skøyteforbund i gjeldande planperiode.

Lærdal kommune vedtok i formannskapet 11.02.21, FS sak 017/21 å stille med 2 politisk valde og en administrativ tilsett til forprosjektet for Sogn Skeisepark.

Leiar i Skeisegruppa, Finn Hauge, vil presentere prosjektplanen for forprosjektet og forslaget til kandidatar frå idrettslaget i prosjektgruppa.

**Sak 17/21: Godtgjersle til styret i hovudlaget i 2021**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek å ikkje endre godtgjersla til styret i hovudlaget

Utgreiing: Noverande ordning;

- Leiar i styret: kr 10.000
- Kasser : kr 2.000

- Skrivar: kr 1.000
- Øvrige medlemmer i styret: kr 500

### **Sak 18/21: Val av kontrollutval**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag til 2 medlemmar i kontrollutvalet samt vara i møtet

Utgreiing: Noverande kontrollutval Haakon Lysne og Anders Haugen. Vara Elin Blomseth

### **Sak 19/: 21 Godtgjersle til kontrollutval i 2021**

Tilråding til vedtak; Styret i hovudlaget foreslår å gi medlemmane i kontrollutvalet kr 500 i året.

### **Sak 20/21: Valnemnd i Lærdal Idrettslag for 2022**

Tilråding til vedtak: Styret legg fram forslag i møtet

Utgreiing: Valnemnd for år 2020 var Anita Bentås (leiar), Hallvard Thomassen og John Bøthun Liøen Det er viktig at heile bygdi og begge kjønn er representert i valnemnda.